



- Dette skjemaet skal bidra til ei så rask saksbehandling som mogeleg i samband med utferding av vitnemål.
- Vitnemålet vil bli sendt ut frå to til åtte veker etter at endeleg sensur ligg føre.
- Vitnemålet blir sendt til den registrerte semesteradressa i det felles studentsystemet vårt. Pass derfor på at du oppdaterer adressa di på StudentWeb dersom du flytter.
- Vitnemålet og vitnemålsvedlegget (Diploma Supplement) blir utferda berre éin gong.
- Karakterutskrifter på norsk og engelsk, samt vitnemålsvedlegg (Diploma Supplement) på engelsk, følgjer med vitnemålet.
- Vitnemål blir utferda berre på norsk, med unntak av engelskspråklege masterprogram/studieretningar, der vitnemål blir utferda på engelsk. Diploma Supplement vil vere ei fullgod omsetjing til engelsk. Fakultetet kan dessverre ikkje hjelpe med å omsetje vitnemålet til andre språk.
- Studieretten på studieprogrammet ditt vil falle bort etter oppnådd grad eller slutteksamen, jf. Forskrift om studier og eksamener ved Universitetet i Oslo § 7.2.1.
- Dersom du ikkje har motteke vitnemål for fullført lågare grad, og du tilfredsstillar krava til ein bachelorgrad frå HF-fakultetet ved Universitetet i Oslo, må du bestille dette frå nettsidene våre: <http://www.hf.uio.no/studier/admin/vitnemal/>